



## Møtereferat

<b>Møte nr. 9 i:</b> <b>Utval for politisk styringsstruktur</b>	<b>Dato:</b> 23.10.2018	<b>Tid:</b> Kl. 17.00 – 19.00
<b>Møteleiar:</b> Marianne Sandahl Bjorøy	<b>Stad:</b> Nye Øygarden kommune, Skjenet 2	
<b>Medlemmer som møtte:</b> Marianne Sandahl Bjorøy Ernst Einarsen Kristin Brennhaug Jørgen Kausland Ingrid Marie Toft Børge Haugetun (var med frå og med sak 31/18) Jøgeir Sognnæs	<b>Forfall:</b>	
<b>Andre:</b> Ingen		
<b>Referent:</b> Lillian Torsvik		

Saksnr	Sakstittel
28/18	<b>Velkommen ved leiar</b> Leiaren ønskte velkommen til møtet.
29/18	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste, og godkjenning av tidlegare utsendt referat frå førre møte 19.09.18</b> Innkalling, saksliste og referat vart godkjent utan merknader.
30/18	<b>Orientering om status Etisk reglement – høyring tilsette</b> Reglementet er sendt på høyring til hovudtillitsvalde i dei tre kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Høyringsfristen er sett til 14. november 2018. Utval for politisk styringsstruktur får saka til ny behandling etter høyring.
31/18	<b>Oppgåveutval og lokalsamfunnsutval - drøfting</b> Notat om oppgåveutval og lokalsamfunnsutval var lagt ved møteinkallinga, saman med utkast til reglement.  Utalet drøfta både oppgåveutval og lokalsamfunnsutval og konkluderte med at ein ikkje ønskjer å jobba vidare med lokalsamfunnsutval.  Når det gjeld oppgåveutval slutta utalet seg til utkast til reglement slik det låg føre, med presisering om at utalet skal ha maks 9 medlemmar og at det skal vera dobbelt så mange innbyggjarar som politikarar i oppgåveutval. Tema for slike oppgåveutval må vera på strategisk, overordna politikknivå.



	<p>Utvalet bad sekretæren undersøkje med andre kommunar som har oppretta slike oppgåveutval, kva eventuell godtgjersle dei ulike medlemmane får (politikarar og innbyggjarar) og at dette vert innarbeida i saksframlegget.</p> <p>Utvalet bad samstundes om at sekretæren utarbeidar utkast til saksframlegg om oppgåveutval der det vert gjort nærrare greie for korleis eit slikt utval er tenkt når det gjeld aktuelle tema, samansetjing og godtgjersle. Saksframlegget skal leggjast fram for utval for politisk styringsstruktur, som gjev si innstilling til Fellesnemnda.</p>
32/18	<p><b>Ymse</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>- <b>Ordførarkjede til den nye kommunen.</b> I Fellesnemnda sitt møte 15.10.18 fekk utval for politisk styringsstruktur som tilleggsoppdrag å jobba med ordførarkjede til den nye kommunen, som skal vera klart til 01.01.20. Sekretæren fekk i oppdrag av utvalet å utarbeide forslag til prosess i samband med nytt ordførarkjede.</li><li>- <b>Opplæring for nytt kommunestyre</b> I Fellesnemnda sitt møte 15.10.18 fekk utval for politisk styringsstruktur som tilleggsoppdrag å jobba med plan for opplæring av nytt kommunestyre som kan gjennomførast i perioden etter valet og fram til den nye kommunen er etablert 01.01.20. Utvalet vil koma attende til forslag om opplæringsplan i seinare møte.</li><li>- <b>Neste møte</b> Utvalet fastsette ikkje dato for neste møte no, leiar vil koma attende med forslag til aktuell møtedato seinare.</li></ul>

# **Forslag til reglement/mandat for oppgåveutval i nye Øygarden kommune**

## **1. Bakgrunn og formål**

Beskriving av utfordring som oppgåveutvalet skal greie ut og foreslå politikk for.

## **2. Oppgåveutvalet sine oppgåver**

- Oppgåveutvalet skal gjennomføra ei analyse/kartlegging (kunnskapsgrunnlag) for utfordringa
- Oppgåveutvalet skal utarbeide mål og strategiar og foreslå tiltak på bakgrunn av kunnskapsgrunnlaget.

## **3. Samansetjing av oppgåveutval**

Oppgåveutvalet skal ha følgjande medlemmer:

Medlemmer fra kommunestyret (inntil 3 politikarar)

Medlemmer med spesifikk kompetanseprofil tilpassa utfordringa (inntil 6 personar)

## **4. Arbeidsform**

- Møter
- Samarbeid og dialog med aktuelle interessentar
- Administrasjonen vil leggja til rette for møta med innkalling, referat, lokale, m.m. og informasjon på heimesider.
- Fagleg førebuing og utgreiingsarbeid er i hovudsak utvalet si oppgåve. Administrasjonen *kan* bidra med fagkompetanse på oppdrag frå utvalet.

## **5. Tidsplan**

Oppgåveutvalet si virketid er frå..... til.....

## **6. Økonomi**

Oppgåveutvalet disponerer kr..... til sitt arbeid.

## **7. Rapportering**

Oppgåveutvalet leverer rapport og resultat av arbeidet til kommunestyret innan .....